

## Nytt høgtalaranlegg i bygda.

23.02.2017



Det nye anlegget oppmontert i Aktivitetshuset.

**Ved siste utdelinga av gåver frå Sparbank1 stiftinga Kvinnherad vart Uskedal idrettslag tildelt 25.000,- kroner til høgtalaranlegg. No er eit anlegg til om lag doble summen kjøpt inn. Søndag kveld vart anlegget prøvekjørt i Aktivitetshuset, og i samband med det var aktuelle brukarar i bygda invitert.**



Både Michael Røssland og Svein Rimestad og resten som var på testinga var svært fornøgde.

Knut Johannes Ripel fortel at idrettslaget såg at det var behov for eit anlegg ved ulike arrangement. Derfor starta dei arbeidet med finansiering og innkjøp av anlegget. Dei var derfor svært glade for gåva på 25.000 som dei fekk av Sparebankstiftinga. Det gjorde kjøpet mogeleg. Resten av kjøpesummen er finansiert ved at ulike lag har kjøpt brukarlutar i anlegget. I tillegg til idrettslaget har 17.mai-komitèen, Festidalen og Damevennene kjøpt slike luter. Dessutan kjem Uskedal sokneråd til å ta opp saka om lutkjøp. Dei var i gang med arbeidet for eit eige anlegg då det er nødvendig i samband med kyrkjekonsertane som vert arrangert. Dette arbeidet er no lagt i ro då muligheten for lutkjøp kom opp.

Ripel fortel at deler av anlegget alt har vore brukt ved 3 anledningar, ved julegrantenninga, ved skirenn og på karneval i Helgheim. Første gangen var det så nytt at det vart pakka rett ut av eskene til bruk. I tillegg har det vore prøvekjørt på Heio.

Det som er kjøpt inn er: 2 x høgtalarar og høgtalarstativ, 1 x mikrofon med stativ, 1 x trådløs mikrofon, 3 x kabeltromlar, 2 x oppbevaringsboksar, 2 x subwoofer (bassar), 1 x mixebord og litt kablar. Sist søndag hadde dei prøvekjøring av heile anlegget i Aktivitetshuset. Ripel monterte det opp saman med Jostein Hauso og Oddmund Soldal, og andre interesserte kunne koma innom for både høyra lyd og studera anlegget elles.

Tilbakemeldingane vi har fått etterpå, er utelukkande positive. Dei som var der var imponert over både lyd kvalitet og brukarflexibilitet. Dei meiner det er eit anlegg som vil fungera godt både til tale og song. M.a. vart det sagt at det ville fungera svært godt til ein god del konsertar. Det kan koplast til både instrument som elpiano og gitar i tillegg til 6 mikrofonar og evt. CD spelar/mobiltelefon. I tillegg er anlegget lite plasskrevjande og lett å forflytta.

UIL har gjort ein svært god jobb for å skaffa eit sårt tiltrengt anlegg til bygda. Sparebankstiftinga har nok ein gang støtta eit godt tiltak. Anlegget er foreløpig lagra i Aktivitetshuset.



Anlegget er også praktisk og greit å transportera.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Knut Johannes Ripel